

Møteprotokoll

Utval:	Fylkeseldrerådet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	28.04.2020
Tid:	10:00-15.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunvor Riim Opedal	Medlem	
Kjellbjørg Dagny Lunde	Medlem	
Vigdis Helene Ravnøy	Nestleiar	
Harald Kåre Ekroll	Leiar	
Berit Anita Knudtsen Larsen	Medlem	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Martin Monrad Reigstad	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon
Kristoffer Skjolden	Medlem

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for
Aud Karin Neteland	Kristoffer Skjolden

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Åge Avedal	seniorrådgjevar, avd. kultur, idrett og inkludering
Simen Lagesen Krogstie	rådgjevar, avd. kultur, idrett og inkludering
Siri Ingvaldsen	seksjonssjef, avd. kulturformidling
Nils Tore Eldegard	spesialrådgjevar, avd. for mobilitet og kollektivtransport
Dagmar Reutz Hillestad	utvalssekretær, politisk sekretariat

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020	2020/1928	
	Referatsaker		
RS 9/20	Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyning og oppdatering av status for Vestland	2020/41394	
RS 10/20	Økonomioversikt pr. 20.04.2020	2020/1928	
RS 11/20	Fylkeseldrerådet - uttale til Nasjonal Transportplan (NTP) 2022-2033	2020/1928	
RS 12/20	Aldersvenlege lokalsamfunn - nettverkssamling Oslo 4. mars 2020	2020/1928	
RS 13/20	Årsrapport 2019 - Kollektivstrategi for Hordaland	2020/1928	
RS 14/20	Brosjyre Friluftsliv for alltid - statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder	2020/1928	
RS 15/20	Tilskot til inkludering og mangfald 2020 - tildeling	2020/1928	
RS 16/20	Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2020	2020/1928	
	Politiske saker		
PS 14/20	Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring	2020/1928	
PS 15/20	Einerettar for drosje	2020/1928	
PS 16/20	Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, oppfølging av sak	2020/1928	
PS 17/20	Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020- 2024, oppfølging av sak	2020/1928	
PS 18/20	Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot	2020/1928	
PS 19/20	Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta	2020/1928	
PS 20/20	Vidareføring av servicelina i Bergen - aldersvenleg transport	2020/1928	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020

Møtebok frå møte i fylkeseldrerådet 24.02.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 24.02.2020 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 9/20 Folkehelseprofilar 2020. Ny kartløyising og oppdatering av status for Vestland

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 9/20 vart referert.

RS 10/20 Økonomioversikt pr. 20.04.2020

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 10/20 vart referert.

RS 11/20 Fylkeseldrerådet - uttale til Nasjonal Transportplan (NTP) 2022-2033

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 11/20 vart referert.

RS 12/20 Aldersvenlege lokalsamfunn - nettverkssamling Oslo 4. mars 2020

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 12/20 vart referert.

RS 13/20 Årsrapport 2019 - Kollektivstrategi for Hordaland

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 13/20 vart referert.

RS 14/20 Brosjyre Friluftsliv for alltid - statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 14/20 vart referert.

RS 15/20 Tilskot til inkludering og mangfald 2020 - tildeling

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 15/20 vart referert.

RS 16/20 Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2020

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

RS 16/20 vart referert.

Politiske saker

PS 14/20 Møteplan for fylkeseldrerådet 2020 - endring

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å endre tidlegare vedteken møteplan for året 2020.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å setje eit nytt møte på møteplan tysdag 26. mai 2020, med møtestart kl. 10.00. Møte vert halde som fjernmøte/videomøte.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å setje eit nytt møte på møteplan tysdag 26. mai 2020, med møtestart kl. 10.00. Møte vert halde som fjernmøte/videomøte.

PS 15/20 Einerettar for drosje

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gi uttale i saka om «Einerettar for drosje».

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland registrer at den nye yrkestransportlova trer i kraft frå 01.07.2020. Orienteringa frå avdeling for mobilitet og kollektivtransport i fylkeskommunen om nytt nasjonalt yrkestransportregelverk vert teke til vitande. Rådet har ikkje merknader til at fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne einerettar - dette for å få til raske avgjerder. Rådet vil følgje med på kva som blir resultatet i praksis etter at den nye lova er innført.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart einstemmig vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland registrer at den nye yrkestransportlova trer i kraft frå 01.07.2020. Orienteringa frå avdeling for mobilitet og kollektivtransport i fylkeskommunen om nytt nasjonalt yrkestransportregelverk vert teke til vitande. Rådet har ikkje merknader til at fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne einerettar - dette for å få til raske avgjerder. Rådet vil følgje med på kva som blir resultatet i praksis etter at den nye lova er innført.

PS 16/20 Fylkeseldrerådet - handlingsplan for perioden 2019-2023, oppfølging av sak

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtok i rådsmøte 28.02.2020 at det skal utarbeidast ein handlingsplan for rådet for valperioden 2019-2023. Fylkeseldrerådet vedtek at det framlagde utkastet til handlingsplan vert gjeldande for arbeidet i fylkeseldrerådet for valperioden 2019-2023.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slik forslag:

«Fylkeseldrerådet vedtek å arbeide vidare med det framlagde utkastet til handlingsplan for rådet for perioden 2019-2023. Merknader og innspel frå møte vert å innarbeide i eit nytt planutkast. Planutkastet vert lagt fram for endeleg godkjenning i rådsmøte i mai.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å arbeide vidare med det framlagde utkastet til handlingsplan for rådet for perioden 2019-2023. Merknader og innspel frå møte vert å innarbeide i eit nytt planutkast. Planutkastet vert lagt fram for endeleg godkjenning i rådsmøte i mai.

PS 17/20 Utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024, oppfølging av sak

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til utviklingsplan for Vestland - regional planstrategi 2020-2024.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek fylgjande høyringsuttale til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov: Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at framlegget frå planutvalet til Utviklingsplan for Vestland legg eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Rådet vil likevel komme med følgjande innspel:

Mål 1 - Klima miljø som premiss for samfunnsutvikling:

Når det gjeld «Det offentlege som ansvarleg innkjøpar» er det viktig at ein i så stor grad som mogleg, bør nytte seg av lokale leverandørar ved innkjøp. Dette vil gje størst effekt på klima m.v.

Mål 2 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv:

I punktet «Gode og levande lokalsamfunn» siste punktet må takast med. Utvikling av bustader tilpassa alle grupper og alderstrinn i befolkninga er viktig å få til, og då gjerne som samlokaliseringar. God kontakt med lokale investorar/utbyggjarar er nødvendig for å finne gode berekraftige løysingar.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» bør føyast til: I større grad bør ein i utkantane gå over til å nytte seg av bestilt transport. Serviceskyssen er eit slikt eksempel.

I punktet om stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet vil dette også ha stor påverknad på om det vil bu folk i utkantane i framtida.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» trafikksikkerheit og nullvisjon bør ein ta med at midtdelar på riksvegar og separering av bil og gang/sykkelvegar må vektleggjast.

Under punktet infrastruktur, kvalitet og innovasjon i tenestetilbodet bør ein ta inn følgjande: Digital infrastruktur må utformast universelt og ta omsyn til at brukarane vanlegvis vil ha svært ulik ståstad.

Mål 3 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping:

I punktet «Opne og inkluderande arenaer» bør vi ta med at frivillig arbeid er heilt avgjerande og at kommunane må ta ansvaret med å koordinera og planleggja dette arbeidet i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Regional plan for folkehelse:

Det er gjort framlegg om å ikkje utarbeide ein ny plan for Vestland fylke.

Rådet er usamd i dette. På bakgrunn av endringane den seinaste tida med planar for «Eit aldersvenleg samfunn», «Leve heile livet» og det siste med covid-19 og helsekrisa, ser vi det som viktig å få utarbeidd ein ny helseplan for Vestland fylke.

Rådet er også svært oppteken av framlegget om å utarbeide ein «Temaplan-strukturplan for tannklinikkar». Tannhelse er eit viktig helsetiltak og er derfor svært viktig, spesielt for eldre.

Rådet ser fram til det vidare arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek følgjande høyringsuttale til

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - strategiar og planbehov:

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner at framlegget frå planutvalet til Utviklingsplan for Vestland legg eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Rådet vil likevel komme med følgjande innspel:

Mål 1 - Klima miljø som premiss for samfunnsutvikling:

Når det gjeld «Det offentlege som ansvarleg innkjøpar» er det viktig at ein i så stor grad som mogleg, bør nytte seg av lokale leverandørar ved innkjøp. Dette vil gje størst effekt på klima m.v.

Mål 2 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv:

I punktet «Gode og levande lokalsamfunn» siste punktet må takast med.

Utvikling av bustader tilpassa alle grupper og alderstrinn i befolkninga er viktig å få til, og då gjerne som samlokaliseringar. God kontakt med lokale investorar/utbyggjarar er nødvendig for å finne gode berekraftige løysingar.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» bør føyast til: I større grad bør ein i utkantane gå over til å nytte seg av bestilt transport. Serviceskyssen er eit slikt eksempel.

I punktet om stort forfall og etterslep på vedlikehald på fylkesvegnettet vil dette også ha stor påverknad på om det vil bu folk i utkantane i framtida.

Under punktet «Trygg og miljøvenleg mobilitet» trafikksikkerheit og nullvisjon bør ein ta med at midtdelar på riksvegar og separering av bil og gang/sykkelvegar må vektleggjast.

Under punktet infrastruktur, kvalitet og innovasjon i tenestetilbodet bør ein ta inn følgjande:

Digital infrastruktur må utformast universelt og ta omsyn til at brukarane vanlegvis vil ha svært ulik ståstad.

Mål 3 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping:

I punktet «Opne og inkluderande arenaer» bør vi ta med at frivillig arbeid er heilt avgjerande og at kommunane må ta ansvaret med å koordinera og planleggja dette arbeidet i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Regional plan for folkehelse:

Det er gjort framlegg om å ikkje utarbeide ein ny plan for Vestland fylke.

Rådet er usamd i dette. På bakgrunn av endringane den seinaste tida med planar for «Eit aldersvenleg samfunn», «Leve heile livet» og det siste med covid-19 og helsekrise, ser vi det som viktig å få utarbeidd ein ny helseplan for Vestland fylke.

Rådet er også svært oppteken av framlegget om å utarbeide ein «Temaplan-strukturplan for tannklinikkar». Tannhelse er eit viktig helsetiltak og er derfor svært viktig, spesielt for eldre.

Rådet ser fram til det vidare arbeidet med Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

PS 18/20 Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtilbod. Rådet er godt nøgd med dei retningslinjene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om i saka. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilgninga, og at vi må påverke der for eventuelt å få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilbodet kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre. Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.»

Kjellbjørg Lunde sette fram slik forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysning og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet i Vestland er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtilbod. Rådet er godt nøgd med dei retningslinjene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilgninga, og at vi må påverke der for å eventuelt få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilbodet kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Kvalitetskriteria må ivaretakast m.a. gjennom tildeling til profesjonelle utøvarar i fylket. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre. Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag fekk 6 røyster.

Lunde sitt forslag fekk 3 røyster og fall.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek å gje slik uttale til saka om Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot.

Fylkeseldrerådet er oppteken av at dei eldre skal få mange og gode kulturtilbod. Rådet er godt nøgd med dei retningslinjene og kriterium for tildeling som det er gjort framlegg om i saka. Rådet skulle gjerne sett at det var fleire midlar til tildeling då vi ser at søknadsmassen kvart år er mykje større en det ein har til rådvelde. Vi er klar over at det er sentrale styresmakter som står for bevilginga, og at vi må påverke der for eventuelt å få auka rammene. Rådet er oppteken av at fylkeskommunen bør oppfordra kommunane til å gå breitt ut for å få gjort tilbodet kjent. Det er mange frivillige organisasjonar som driv med godt kulturelt arbeid, retta mot alle eldre og ikkje berre til eigne medlemar. Det er viktig å få mange og breiast mogleg tilbod til dei eldre. Fylkeseldrerådet er eit medverknadsorgan i fylkeskommunen som skal ivareta dei eldre sine rettar. Etter rådet sitt syn så bør fylkeseldrerådet bidra i tildelingsprosessen.

PS 19/20 Høyring - Forslag til alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetenesta

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å gi uttale til høyringsnotatet om «Alternativ regulering av pasientforløp i spesialisthelsetjenesten, og endringer i registreringer av ventetid».

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett til neste møte.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

PS 20/20 Vidareføring av servicelina i Bergen – aldersvenleg transport

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll 28.04.2020 - fylkeseldrerådet

Vigdis Ravnøy sett fram slikt forslag til uttale:

«Fylkeseldrerådet i Vestland er glad for at fleirtalspartia vil oppretthalde servicelina i Bergen. Dei har lagt inn att i budsjettet 1,2 millionar til å vidareføre denne i 2020.

Fylkeseldrerådet er kjent med at Bergen kommune konkluderte med at behovet var relativt begrensa ut frå ei passasjerteljing i veke 16 i 2018. Vi er ikkje kjent med at det føreligg ei undersøking der eldre over 67 år er blitt spurt om behovet for ein aldersvenleg transport.

Rådet er samd i at det må ein idèdugnad til saman med Bergen kommune for å få eit aldersvennleg transporttilbod til dei som har retten til å nytte seg av dette.

Det må vera eit tilbod som tek vare på interessene til dei som har behov for å kome seg frå A til B for nødvendige ærend, servicetilbod, kulturaktivitetar som kino, teater, konsertar, museumsbesøk, møter og andre aktivitetar. Dette vil bli eit viktig tema når servicelina skal drøftast. Det same er kva trasé som vert valt og korleis tilbodet blir gjort kjent.

Mange eldre har problem med å gå til næraste busstopp, og det er difor viktig at ein aldersvenleg transport stoppar i nærleiken av der vedkomande bur. Eit reelt tilbod til eldre må også vera eit tilbod om transport på ettermiddag- og kveldstid.

Oslo har i dag ein aldersvenleg transport (rosa bussar) som det er verdt å hente erfaringar frå. Det same gjeld frå Odda og eventuelt frå andre tettstader og byar som har fått på plass ein aldersvenleg transport der brukarane er nøgde og der alle over 67 år får eit tilbod.

Reforma «Leve Heile Livet» skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og kunne vera trygg på at dei får god hjelp når dei treng det. Tilbodet om tilpassa og rimelege transportordningar er ein av føresetnadane for at eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Fylkeseldrerådet føreset deltaking i idédugnaden saman med Bergen eldreråd, og ser fram til arbeidet med å få ein aldersvenleg transport i Bergen.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland er glad for at fleirtalspartia vil oppretthalde servicelina i Bergen. Dei har lagt inn att i budsjettet 1,2 millionar til å vidareføre denne i 2020.

Fylkeseldrerådet er kjent med at Bergen kommune konkluderte med at behovet var relativt begrensa ut frå ei passasjerteljing i veke 16 i 2018. Vi er ikkje kjent med at det føreligg ei undersøking der eldre over 67 år er blitt spurt om behovet for ein aldersvenleg transport.

Rådet er samd i at det må ein idédugnad til saman med Bergen kommune for å få eit aldersvenleg transporttilbod til dei som har retten til å nytte seg av dette.

Det må vera eit tilbod som tek vare på interessene til dei som har behov for å kome seg frå A til B for nødvendige ærend, servicetilbod, kulturaktivitetar som kino, teater, konsertar, museumsbesøk, møter og andre aktivitetar. Dette vil bli eit viktig tema når servicelina skal drøftast. Det same er kva trasé som vert valt og korleis tilbodet blir gjort kjent.

Mange eldre har problem med å gå til næraste busstopp, og det er difor viktig at ein aldersvenleg transport stoppar i nærleiken av der vedkomande bur. Eit reelt tilbod til eldre må også vera eit tilbod om transport på ettermiddag- og kveldstid.

Oslo har i dag ein aldersvenleg transport (rosa bussar) som det er verdt å hente erfaringar frå. Det same gjeld frå Odda og eventuelt frå andre tettstader og byar som har fått på plass ein aldersvenleg transport der brukarane er nøgde og der alle over 67 år får eit tilbod.

Reforma «Leve Heile Livet» skal bidra til at eldre kan meistre livet lenger og kunne vera trygg på at dei får god hjelp når dei treng det. Tilbodet om tilpassa og rimelege transportordningar er ein av føresetnadane for at eldre skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim.

Fylkeseldrerådet føreset deltaking i idédugnaden saman med Bergen eldreråd, og ser fram til arbeidet med å få ein aldersvenleg transport i Bergen.